



MØTEINNKALLING

FORMANNSKAP/PLAN- OG ØKONOMIUTVALET

Møtedato: 31.03.2020
Møtested: Heradshuset, Dale
Møtetid: 12:00 - 15:00

Eventuelle forfall / melding om møtande varamedlem må meldast på [Møteportalen](#) eller til Lin Tove Thomassen epost lin.tove.thomassen@vaksdal.kommune.no

ORIENTERINGAR

Fast orientering frå rådmann og ordførar.

Rådmannen har to orienteringar som vil bli lagt fram for FPØ i lukka møte, jamfør kommunlova §11-5 b).

Det vil bli sendt ut ei tilleggsinnkalling i slutten av veka, vedkomande Uttale NTP.

SAKSLISTE

SAKSNR	TITTEL
17/2020	GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKSLISTE
18/2020	GODKJENNING AV MØTEPROTOKOLL
19/2020	REFERATSAKER OG MELDINGAR
19/2020.1	Bekymring vedk. utvasking av sand/ morenemassar
19/2020.2	Brev-frå Vaksdal Næringselskap AS til Vaksdal kommune
19/2020.3	Resultat frå arbeidsgruppe - innbyggjarmottak på Heradshuset
20/2020	DALEGARDEN – SAL AV NÆRINGSTOMT
21/2020	KJØP AV FESTA NAUSTTOMTER SILDASTADSKJERET, VAKSDAL
22/2020	MIDLAR TIL INNKJØP AV SLEPELÅMASKIN - VAKSDAL LANDBRUKSFOND 2019

23. mars 2020

Hege Eide Vik
Ordførar



SAKSPAPIR

Saksnr	Utval	Type	Dato
17/2020	Formannskap/plan- og økonomiutvalet	PS	31.03.2020

Sakshandsamar	Arkiv	ArkivsakID
Lin Tove Thomassen	FE-033	20/377

GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKSLISTE

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Innkalling og saksliste vert godkjent.



SAKSPAPIR

Saksnr	Utval	Type	Dato
18/2020	Formannskap/plan- og økonomiutvalet	PS	31.03.2020

Sakshandsamar	Arkiv	ArkivsakID
Lin Tove Thomassen	FE-033	20/377

GODKJENNING AV MØTEPROTOKOLL

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Protokollen vert godkjent slik han ligg føre.



MØTEPROTOKOLL

FORMANNSKAP/PLAN- OG ØKONOMIUTVALET

Møtedato: 04.02.2020
Møtestad: Kommunestyresalen
Møtetid: 12:00 - 15:00

Møtedeltakarar:

Medlemmer	Parti	Rolle
Hege Eide Vik	SP	Ordførar
Kjartan Haugsnes	SV	Varaordførar
Amalie Johnsen Lunde	H	Medlem
Boris Groth	FRP	Medlem
Thor Andersen	AP	Medlem
Heidi Rongved	AP	Medlem

Varamedlemmer	Parti	Rolle
Trond Olav Magnussen	H	Varamedlem

Forfall	Parti	Møtande varamedlem
Erlend Hesjedal-Johannessen	H	Trond Olav Magnussen

Andre møtande:

Rådmann Atle Fasteland, assisterande rådmann Åse Elin Myking, kommunalsjef oppvekst Ann Kristin Bolstad, kommunalsjef samfunnsutvikling Helge Berset, kommunalsjef helse og omsorg Solrun Hauglum, politisk sekretær Lin Tove Thomassen

Saksliste

SAKSNR	TITTEL
01/2020	GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKSLISTE
02/2020	GODKJENNING AV MØTEPROTOKOLL
03/2020	REFERATSAKER OG MELDINGAR



Vaksdal kommune

- 04/2020** TILDELING AV MIDLAR FRÅ MYSTERFONDET TIL OPPHJELP AV VILT OG FISK - 2019
- 05/2020** TILSKOT FRÅ VAKSDAL KOMMUNE SITT FOND FOR VILT, FISKE OG FRILUFTLIV I 2019
- 06/2020** TILSKOT FOR BRUK AV EIGE IT-UTSTYR FOR FASTE MEDLEMMER AV KOMMUNESTYRET OG KONTROLLUTVALET
- 07/2020** DELTAKING I UTGREIING AV INTERKOMMUNALT LEGEVAKTSAMARBEID
- 08/2020** BYGG FOR HELSE OG OMSORG - KOSTNADSRAMME OG FRAMDRIFTSPLAN
- 09/2020** DELEGERING TIL UTVAL FOR BYGDEUTVIKLING



01/2020: GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKSLISTE

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Innkalling og saksliste vert godkjent.

Formannskap/plan- og økonomiutvalet 04.02.2020

Behandling:

FPØ - sak 01/2020 Vedtak/Tilråding:

Innkalling og saksliste vert godkjent.

02/2020: GODKJENNING AV MØTEPROTOKOLL

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Protokollane vert godkjende slik dei ligg føre.

Formannskap/plan- og økonomiutvalet 04.02.2020

Behandling:

Samrøystes vedtak

FPØ - sak 02/2020 Vedtak/Tilråding:

Protokollane vert godkjende slik dei ligg føre.

03/2020: REFERATSAKER OG MELDINGAR

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Referatsakene vert tatt til orientering.



Fellesforslag frå Sp, SV og Høgre - til referatsak 3/2020.3

Formannskapet ber rådmannen til kommunestyret 14. april å utgreia følgjande:

1. Ta i bruk heile/delar av barnehagen på Jamne (1989 bygget) som ungdomsklubb.
2. Utgreie moglegheit for å etablere ein barnehageavdeling i 2008 bygget etter at denne delen er ferdig som midlertidig SFO lokale for elevane på Vaksdal.

Formannskap/plan- og økonomiutvalet 04.02.2020

Behandling:

Kjartan Haugsnes (SV) orientert formannskapet om at ordførar, varaordførar og kommunalsjef for oppvekst, har i møte, med delar av FAU Vaksdal skule, drøfta mellombels skuledrift i Jamne barnehage under bygging av ny skule. Han har også vore i dialog med andre foreldre med born på skulen og erfarer at meiningane er delte om kva foreldra ønskjer.

Saka vart drøfta i formannskapet, som ønskjer å halde fast på kommunestyret sitt vedtak (77/2018) om at det er lagt til grunn at elevane ved Vaksdal skule skal gå på Stanghelle skule i byggetida.

På vegne av SP, SV og Høgre fremja Kjartan Haugsnes (SV) følgjande forslag til vedtak i referatsak 3/2020.3:

Formannskapet ber rådmannen til kommunestyret 14. april å utgreia følgjande:

1. Ta i bruk heile/delar av barnehagen på Jamne (1989 bygget) som ungdomsklubb.
2. Utgreie moglegheit for å etablere ein barnehageavdeling i 2008 bygget etter at denne delen er ferdig som midlertidig SFO lokale for elevane på Vaksdal.

Røysting:

Det vart først røysta over rådmannen sitt framlegg om å ta referatsakene til orientering. Forslaget vart samrøystes vedteke.

Det vart deretter røysta over fellesforslaget frå SP, SV og Høgre, som var samrøystes vedteke.

FPØ - sak 03/2020 Vedtak/Tilråding:

Referatsakene vert tatt til orientering.

Til referatsak 3/2020.3 Notat om barnehage på Jamne vart følgjande vedteke:

Formannskapet ber rådmannen til kommunestyret 14. april å utgreia følgjande:

1. Ta i bruk heile/delar av barnehagen på Jamne (1989 bygget) som ungdomsklubb.
2. Utgreie moglegheit for å etablere ein barnehageavdeling i 2008 bygget etter at denne delen er ferdig som midlertidig SFO lokale for elevane på Vaksdal.



04/2020: TILDELING AV MIDLAR FRÅ MYSTERFONDET TIL OPPHJELP AV VILT OG FISK - 2019

Styret i Mysterfondet sitt framlegg til vedtak:

I medhald av vedtektene for Mysterfondet §§ 1 og 2, første og sjettemte ledd, vedtek Formannskapet/plan- og økonomiutvalet (FPØ) følgjande bruk av fondsmidlar til opphjelp av vilt og fisk for 2019:

- Kr. 40 000,- i tilskot til Vaksdal og Modalen skyttarlag for oppgradering av skyteanlegg i Litlevika på Eidslandet, i tråd med søknad, jf. saksutgreiing.
- Kr 0,- i tilskot til Øvre Eksingedalen grunneigarlag til reinsking (klypping/fresing) av elvebotnen i Ekso for flotgras og krypsiv (avslag på søknad).

Grunna endring i politisk nemnd-/utvalsstruktur i kommunen, vedtek FPØ å gjennomføre revisjon av vedtektene for Mysterfondet, med vekt på § 2. Administrasjonen utarbeider framlegg til vedtektsendring for handsaming i styret for Mysterfondet og FPØ.

Formannskapet/plan- og økonomiutvalet 04.02.2020

Behandling:

Samrøystes vedtak

FPØ - sak 04/2020 Vedtak/Tilråding:

I medhald av vedtektene for Mysterfondet §§ 1 og 2, første og sjettemte ledd, vedtek Formannskapet/plan- og økonomiutvalet (FPØ) følgjande bruk av fondsmidlar til opphjelp av vilt og fisk for 2019:

- Kr. 40 000,- i tilskot til Vaksdal og Modalen skyttarlag for oppgradering av skyteanlegg i Litlevika på Eidslandet, i tråd med søknad, jf. saksutgreiing.
- Kr 0,- i tilskot til Øvre Eksingedalen grunneigarlag til reinsking (klypping/fresing) av elvebotnen i Ekso for flotgras og krypsiv (avslag på søknad).

Grunna endring i politisk nemnd-/utvalsstruktur i kommunen, vedtek FPØ å gjennomføre revisjon av vedtektene for Mysterfondet, med vekt på § 2. Administrasjonen utarbeider framlegg til vedtektsendring for handsaming i styret for Mysterfondet og FPØ.

05/2020: TILSKOT FRÅ VAKSDAL KOMMUNE SITT FOND FOR VILT, FISKE OG FRILUFTLIV I 2019



Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

I medhald av «Vedtekter for Vaksdal kommune sitt fond for vilt, fiske og friluftsliv» §§ 4 og 5, jf. § 1, vedtek Formannskapet/plan- og økonomiutvalet (fondsstyret) følgjande bruk av fondsmidlar for 2019:

- Inntil kr. 75 433,- i tilskot til Ekso Villfisk AS for innkjøp og montering av overvakings- og alarmsystem til føretaket sitt fiske-/kultiveringsanlegg på Flatekval i Eksingedalen.
Tildelinga er i tråd med søknaden, og utgjer 100 % av budsjettert/godkjend kostnad.
- Inntil kr. 30 000,- i tilskot til Øvre Eksingedalen grunneigarlag for reinsking av elvebotnen i Ekso som fiskefremjande tiltak i 2020 (fjerning av flotgras og krypsiv).
Tildelinga er i tråd med søknaden, og utgjer 100 % av tilskotet det vert søkt om (godkjend kostnad). Vilkåret er at BKK nyttar minst kr. 300 000,- til tiltaket.

Løyvde tilskot vert betalt ut på bakgrunn av sluttrapportar med naudsynt dokumentasjon .

I tråd med § 5 fjerde ledd i fondsvedtektene, er arbeids- og rapporteringsfristen for tiltaka sett til 01.07.2021. Tilskota fell vekk etter dette.

Tildelte midlar som ikkje vert nytta i tråd med føremåla/vilkåra for tildelinga, kan trekkjast attende, jf. § 5 fjerde ledd i vedtektene.

Formannskap/plan- og økonomiutvalet 04.02.2020

Behandling:

Samrøystes vedtak

FPØ - sak 05/2020 Vedtak/Tilråding:

I medhald av «Vedtekter for Vaksdal kommune sitt fond for vilt, fiske og friluftsliv» §§ 4 og 5, jf. § 1, vedtek Formannskapet/plan- og økonomiutvalet (fondsstyret) følgjande bruk av fondsmidlar for 2019:

- Inntil kr. 75 433,- i tilskot til Ekso Villfisk AS for innkjøp og montering av overvakings- og alarmsystem til føretaket sitt fiske-/kultiveringsanlegg på Flatekval i Eksingedalen.
Tildelinga er i tråd med søknaden, og utgjer 100 % av budsjettert/godkjend kostnad.
- Inntil kr. 30 000,- i tilskot til Øvre Eksingedalen grunneigarlag for reinsking av elvebotnen i Ekso som fiskefremjande tiltak i 2020 (fjerning av flotgras og krypsiv). Tildelinga er i tråd med søknaden, og utgjer 100 % av tilskotet det vert søkt om (godkjend kostnad). Vilkåret er



at BKK nyttar minst kr. 300 000,- til tiltaket.

Løyvde tilskot vert betalt ut på bakgrunn av sluttrapportar med naudsynt dokumentasjon .

I tråd med § 5 fjerde ledd i fondsvedtektene, er arbeids- og rapporteringsfristen for tiltaka sett til 01.07.2021. Tilskota fell vekk etter dette.

Tildelte midlar som ikkje vert nytta i tråd med føremåla/vilkåra for tildelinga, kan trekkjast attende, jf. § 5 fjerde ledd i vedtektene.

06/2020: TILSKOT FOR BRUK AV EIGE IT-UTSTYR FOR FASTE MEDLEMMER AV KOMMUNESTYRET OG KONTROLLUTVALET

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Det vert gjeve eit tilskot til alle faste representantar i kommunestyret og i kontrollutvalet på kr 5000,-

Tilskotet skal dekkja utgifter ved bruk av eige IT-utstyr i samband med utøving av vervet som folkevald i inneverande periode.

Samla forslag frå formannskapet

Forslag om at man får 2 valgmuligheter.

1. 5000 kr utbetalt, skattepliktig beløp
2. Nyttar rammeavtalen med IKT Nordhordland for å kjøpe utstyr tilsvarende 5000 kr.

Ordningen evalueres i arbeidet med budsjett håndtering 2021.

Ombudsutvalet 02.12.2019

Behandling:

Ståle Kallestad Hesjedal (AP) ba rådmannen om å kartlegge om tilskotet er skattepliktig og evt sjå på løysingar for korleis den folkevalde kan få utbetalt heile beløpet.

Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

OMB - sak 03/2019 Vedtak/Tilråding:

Det vert gjeve eit tilskot til alle faste representantar i kommunestyret og i kontrollutvalet på kr 5000,-

Tilskotet skal dekkja utgifter ved bruk av eige IT-utstyr i samband med utøving av vervet som



folkevald i inneverande periode.

Formannskap/plan- og økonomiutvalet 04.02.2020

Behandling:

Rådmannen informerte at tilskotet er skattepliktig på lik linje med anna godtgjersle dei folkevalde mottek.

Formannskapet drøfta saka og la fram eit nytt felles forslag:

Forslag om at man får 2 valgmuligheter.

1. 5000 kr utbetalt, skattepliktig beløp
2. Nytt rammeavtalen med IKT Nordhordland for å kjøpe utstyr tilsvarende 5000 kr.

Ordningen evalueres i arbeidet med budsjett håndtering 2021.

Røysting

Fellesforslag lagt fram i møtet vart sett opp mot rådmannen sitt framlegg til vedtak. Formannskapet vedtok samrøystes fellesforslaget lagt fram i møtet.

FPØ - sak 06/2020 Vedtak/Tilråding:

Forslag om at man får 2 valgmuligheter.

1. 5000 kr utbetalt, skattepliktig beløp
2. Nytt rammeavtalen med IKT Nordhordland for å kjøpe utstyr tilsvarende 5000 kr.

Ordningen evalueres i arbeidet med budsjett håndtering 2021.

07/2020: DELTAKING I UTGREIING AV INTERKOMMUNALT LEGEVAKTSAMARBEID

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Vaksdal kommune deltek ikkje i utgreiing om interkommunalt legevaktsamarbeid i Arna/Bergen.

Nytt framlegg til vedtak frå Kjartan Haugsnes (SV)

Vaksdal kommune gir tilslutning til vedtaket i Bergen byråd i sak 1241/19 om å iverksetja ei utgreiing om interkommunalt legevaktsamarbeid i Arna.



Formannskap/plan- og økonomiutvalet 04.02.2020

Behandling:

Kjartan Haugsnes (SV) la fram nytt framlegg til vedtak:

Vaksdal kommune gir tilslutning til vedtaket i Bergen byråd i sak 1241/19 om å iverksetja ei utgreiing om interkommunalt legevaktsamarbeid i Arna.

Formannskapet drøfta saka og rådmannen sitt framlegg til vedtak vart sett opp mot SV sitt framlegg til vedtak.

SV sitt framlegg vart vedteke med 4 mot 3 stemmer.

Rådmannen sitt framlegg fekk 3 stemmer, Hege Eide Vik (SP), Heidi Rongved (AP) og Thor Andersen (AP).

SV sitt framlegg fekk 4 stemmer, Kjartan Haugsnes (SV), Amalie Johnsen Lund (H), Trond Olav Magnussen (H) og Boris Groth (FRP).

FPØ - sak 07/2020 Vedtak/Tilråding:

Vaksdal kommune gir tilslutning til vedtaket i Bergen byråd i sak 1241/19 om å iverksetja ei utgreiing om interkommunalt legevaktsamarbeid i Arna.

08/2020: BYGG FOR HELSE OG OMSORG - KOSTNADSRAMME OG FRAMDRIFTSPLAN

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Kostnadsramme og framdriftsplan vert godkjent og lagt til grunn for forprosjekt og søknad om tilskot frå Husbanken.

Rådmann får fullmakt til å tilpasse fordeling av type plassar i dialog med Husbanken for å få maksimalt tilskot. Formannskapet vert halde orientert om eventuelle justeringar.

Tilleggsforslag frå Kjartan Haugsnes (SV)

Kostnadsramme og framdriftsplan vert godkjent og lagt til grunn for forprosjekt og søknad om tilskot frå Husbanken inkludert:

1. Kjøken
2. Vaskeri

Rådmann får fullmakt til å tilpasse fordeling av type plassar i dialog med Husbanken for å få maksimalt tilskot. Formannskapet vert halde orientert om eventuelle justeringar.



Tilleggsforslag frå Amalie Johnsen Lunde (H)

Kostnadsramme og framdriftsplan vert godkjent og lagt til grunn for forprosjekt og søknad om tilskot frå Husbanken inkludert vaskeri.

Rådmann får fullmakt til å tilpasse fordeling av type plassar på Vaksdal i dialog med Husbanken for å få maksimalt tilskot. Formannskapet vert halde orientert om eventuelle justeringar.

Formannskap/plan- og økonomiutvalet 04.02.2020

Behandling:

Assisterande rådmann Åse Elin Myking orienterte om hovudpunkta i saksutgreiinga.

Formannskapet drøfta saka.

På vegne av SV la Kjartan Haugsnes (SV) fram nytt forslag til vedtak:

Kostnadsramme og framdriftsplan vert godkjent og lagt til grunn for forprosjekt og søknad om tilskot frå Husbanken inkludert:

1. Kjøken
2. Vaskeri

Rådmann får fullmakt til å tilpasse fordeling av type plassar i dialog med Husbanken for å få maksimalt tilskot. Formannskapet vert halde orientert om eventuelle justeringar.

På vegne av Høgre, la Amalie Johnsen Lunde (H) fram følgjande forslag:

Kostnadsramme og framdriftsplan vert godkjent og lagt til grunn for forprosjekt og søknad om tilskot frå Husbanken inkludert vaskeri.

Rådmann får fullmakt til å tilpasse fordeling av type plassar på Vaksdal i dialog med Husbanken for å få maksimalt tilskot. Formannskapet vert halde orientert om eventuelle justeringar.

Thor Andersen (AP) etterlyste ei oversikt over kostnader til drift i nytt bygg, samt økonomisk konsekvens ved riving av 1930 lokalet i Dale og det å flytte det som ligg i bygget i dag.

På vegne av Arbeidarpartiet la Thor Andersen (AP) fram eit oversendingsforslag til rådmannen:

Det blir utarbeida ein kostnadskalkyle for erstatningsareal for dei funksjonar som er i 1930 bygget på Dale i dag.

Røysting

Rådmannen sitt framlegg til vedtak skulle først setjast mot SV sitt framlegg til vedtak, deretter skulle vedtaket som fekk flest stemmer setjast mot Høgre sitt framlegg til vedtak. Til slutt skulle det



røystast over Arbeidarpartiet sitt oversendingsforslag.

Rådmann sitt framlegg til vedtak vert sett opp mot Kjartan Haugsnes (SV) sitt framlegg til vedtak. Rådmann sitt framlegg til vedtak fekk 5 stemmer, Thor Andersen (AP), Heidi Rongved (AP) Hege Eide Vik (SP), Trond Olav Magnussen (H) og Amalie Johnsen Lunde (H).

SV sitt framlegg til vedtak fekk 2 stemmer, Kjartan Haugsnes (SV) og Boris Groth (FRP) og fall. Rådmannen sitt framlegg til vedtak vart deretter sett opp mot Høgre sitt framlegg til vedtak. Høgre sitt framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

Til slutt vart det røysta over Thor Andersen (AP) sitt oversendingsforslag som vart samrøystes vedteke.

FPØ - sak 08/2020 Vedtak/Tilråding:

Kostnadsramme og framdriftsplan vert godkjent og lagt til grunn for forprosjekt og søknad om tilskot frå Husbanken inkludert vaskeri.

Rådmann får fullmakt til å tilpasse fordeling av type plassar på Vaksdal i dialog med Husbanken for å få maksimalt tilskot. Formannskapet vert halde orientert om eventuelle justeringar.

Oversendingsforslag til rådmannen:

Det blir utarbeida ein kostnadskalkyle for erstatningsareal for dei funksjonar som er i 1930 bygget på Dale i dag.

09/2020: DELEGERING TIL UTVAL FOR BYGDEUTVIKLING

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Kommunestyret delegerer følgande ansvar og mynde til Bygdeutviklingsutvalet frå oppstart:

- Avgjerdsmynde til å fordele løyvde midlar til aktivitetar og allmennyttige formål
- Innstillingsmynde til formannskapet om tiltak for trafikksikring
- Innstillingsmynde til kommunestyret i saker om klima og miljø som ikkje er delegert til andre
- Legge til rette for dialog og samarbeid med næringsliv, organisasjonar og andre
- Høyringspart i saker som gjeld bygdene og i saker som grenser til utvalet sitt område

Ved revidering av politisk delegeringsreglement hausten 2020 vil kommunestyret vurdere endringar.

Utvalet får rom til å arbeide med rammer, område og arbeidsform fram til hausten.



Formannskap/plan- og økonomiutvalet 04.02.2020

Behandling:

Medlemmer i bygdeutviklingsutvalet var invitert til møtet og drøfta saka saman med formannskapet. Alle dei faste medlemene deltok.

Det vart røysta over rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Forslaget vart samrøystes vedteke

FPØ - sak 09/2020 Vedtak/Tilråding:

Kommunestyret delegerer følgande ansvar og mynde til Bygdeutviklingsutvalet frå oppstart:

- Avgjerdsmynde til å fordele løyvde midlar til aktivitetar og allmennyttige formål
- Innstillingsmynde til formannskapet om tiltak for trafikksikring
- Innstillingsmynde til kommunestyret i saker om klima og miljø som ikkje er delegert til andre
- Legge til rette for dialog og samarbeid med næringsliv, organisasjonar og andre
- Høyringspart i saker som gjeld bygdene og i saker som grenser til utvalet sitt område

Ved revidering av politisk delegeringsreglement hausten 2020 vil kommunestyret vurdere endringar.

Utvalet får rom til å arbeide med rammer, område og arbeidsform fram til hausten.



Orienteringar frå ordførar

Ordførar informerte om saker som ho har vore involvert i dei siste vekene.

Møtetidspunkt for formannskapsmøta.

Møtedeltakarane vedtok at formannskapsmøta skal byrje møta kl. 12.

Høyringsmøte - Ny nasjonal transportplan (NTP)

Kommunane Voss, Vik og Aurland skal gjennomføre innspelsmøte med Vestlands fylkeskommune i samband med NTP.

Ordførar fekk tilslutning frå formannskapet til at Vaksdal sine interesser vert presentert saman med Voss, Vik og Aurland. Formannskapet ser også at det er positivt å gå saman.

Ordførar vart bedt om å formidle desse momenta som Vaksdal kommune legg vekt på og arbeider for:

- Veg og bane må få oppstart samtidig.
- 3 togstasjonar i kommunen.
- For Vaksdal: alternativet med veg i Tolåsen og togstasjon i sentrum

Vaksdal Næringssselskap AS

I samband med at Vaksdal Næringssselskap AS (VNS) flyttar inn i heradshuset, har ordførar bede rådmannen om å legge fram ei sak til formannskapet 17. mars. Alle politiske parti vert beden om å spele inn spørsmål skriftleg til rådmannen. Formannskapsmedlemmene drøfta saka i møtet.

Orienteringar frå rådmann

Datalagringssenter og Vaksdal mølle

Rådmannen orienterte om at rådmann og ordførar, skal ha møte med næringsliv og fylkeskommune 13. februar for å diskutere datalagringssenter. Same dag vil rådmannen og ordførar ha møte med fylket om Vaksdal Mølle.

Notat i samband med spørsmål om tildeling av bustad i kommunen.

Å skaffa seg bustad er i utgangspunktet eit ansvar som ligg på den enkelte innbyggjar, men kommunen har på eit generelt grunnlag plikt til å skaffa bustad til huslause og vanskelegstilte som treng hjelp akutt eller på noko lengre sikt. Retten til midlertidig bustad omfattar alle som oppheld seg i kommunen, sjølv om opphaldet er midlertidig.

Kommunen har tilgang til ulike kommunale bustadar. Det kan vera bustadar for flyktingar eller vanskelegstilte. I tillegg kjem omsorgs- og aldersbustadar som vert tildelte etter søknad og er behovsprøvde opp mot helsetilstand.

I kommunale bustadar har kommunen ansvar for vedlikehald, og for at bustaden fyller krav, m.a. i forhold til branntryggleik.

Bebuarar i denne typen bustadar vert rekna som heimebuande og kan søkja om helsehjelp dersom dei treng det.

Kven som bur i denne typen kommunale bustadar, kvifor dei bur der, og kva slags tenester og oppfølging dei får, kan ikkje kommunen opplysa om grunna teieplikt og personvern.



Vurdering av om ein person kan bu i kommunen eller treng meir spesialisert butilbod eller oppfølging, vert gjort av dei aktuelle instansar utanfor kommunen, t.d. av spesialisthelsetenesta. Kommunen pliktar å ta imot innbyggjarar som etter utskrivning/heimflytting frå anna opphald treng bustad og oppfølging.

Sjukefråvær

Rådmannen orienterte om status i sjukefråværet i kommunen.

Forsikringssak branntomt - lukka møte etter kommunelov § 11-5b

Møtet vart lukka for å unngå at detaljar rundt kostnader vart offentleggjort.

Kommunalsjef for samfunnsutvikling Helge Berset og avdelingsleiar for eigedom Torstein Mehus orienterte om situasjonen og presenterte ulike alternative løysingar for kommunal eigedom som brann i desember 2019.

Formannskapet ønskjer ikkje at forsikringsselskapet skal dekkje oppføring av eit bygg i same tilstandsgrad som før brannen og vel å ta imot ein eingongssum frå forsikringsselskapet. Formannskapet vedtok samrøystes at mur til bustad vert riven.

Skriftlege spørsmål og svar

Kjartan Haugsnes (SV) hadde spørsmål knytt til ny skule på Vaksdal:

Ny skule på Vaksdal.

Oppstart ny skule på Vaksdal er sett til juni 2020.

Kan ein få ei statusoppdatering på prosjektet som mellom anna svarar på:

1. Er skulen ferdig prosjektert og når vert prosjektet lagt ut på Doffin/Ted?

Svar frå rådmannen: Prosjekteringa vert ferdigstilt i veke 10, konkurransen er planlagt lagt ut i månadskiptet april/mai. Skulen vert tømnd i juni måned, og riving er planlagt starta i august. Riving i sommarferien er ikkje tilrådeleg av omsyn til naboar og ferieavvikling.

2. Er eigedommane som omtala i vedtaket mai 2019 innløyst?

Svar frå rådmannen: Ja, det er gjort avtale om kjøp for alle dei tre eigedomane, innanfor ramma som vart sett.

Kjartan Haugsnes (SV) hadde spørsmål knytt til gatelys:

Gatelys og avtale med BKK.

Det har den siste tida vore mange tilbakemelding mellom anna på sosiale media om gatelys som ikkje verkar. Dette gjeld både på Stanghelle, Dale og Vaksdal.

BKK har opplyst til enkeltkundar at det kan vere opp til fire veker behandlingstid på slike meldingar.

1. Kan Vaksdal kommune til dømes legge ut på heimesida kva som er hovudtrekka i avtalen med BKK i høve gatelys på kommunal veg slik at innbyggjarane veit korleis meldingar om gatelys som ikkje verkar vert handtert?

Svar frå rådmannen: På Vaksdal kommune si heimeside er det i dag ein link til Feil på veglys hjå BKK. I standardavtalen kommunen har med BKK er det avtalt maksimal behandlingstid på 30 dagar, samt



at det maksimalt kan vere 5 % av lyspunkta som er mørke til ei kvar tid. Informasjon om desse to punkta kan vi legge ut på heimesida vår. I heile 2019 vart det meldt inn 213 feilmeldingar i kommunen. Gjennomsnittleg faktisk responstid var 17 dagar. Per i går måndag 3. februar var det 35 mørklagte lyspunkt av totalt 1533. Det vil si cirka 2 prosent. Både responstida og til ei kvar tid antall mørklagte lyspunkt er såleis godt innanfor avtalen.

2. Om det er rett at det er fire vekers behandlingstid, er det mogleg å gjere prioriteringar på til dømes skuleveg?

Svar frå rådmannen: Nei, det er ikkje høve til å gjere slike prioriteringar innanfor avtale med BKK. Ein stor del av vegnettet i kommunen er i dag skuleveg for eitt eller fleire born.

Erlend Hesjedal-Johannessen (H) hadde spørsmål knytt til stengde vegar:

Stengte vegar grunna ras

I fleire månader har Dalseidvegen på Dale og Skreiavegen på Vaksdal vore stengde grunna ras. Dette har hindra ferdsel både for private bilar og næringsdrivande, og det må finnast ei snarleg løysing for å få vegane opna att.

Spørsmål:

Kva er status med desse to vegane, og kortid kan ein rekna med at dei er opna for normal ferdsel?

Svar frå rådmannen: Skreiavegen er no under utbetring, sikringsarbeidet var meir omfattande enn først antatt, og opning er forventa i veke 7, i midten av februar.

Dalseidvegen er i dag stengt på grunn av to murar som ikkje toler belastninga av køyretøy. Gåande og syklende kan passere. Den nordlege delen av Dalseidvegen er rasutsett, og tidlegare har det vore vedtak om skuleskyss for borna i området på grunn av dette. Rådmannen vil legge fram sak til formannskapet.

Spørsmål frå møtedeltakarane

Heidi Rongved (AP) minna rådmannen på tid for kunngjering av kulturpris og kulturstipend.

Rådmannen svara at dette allereie er i prosess.

Trond-Olav Magnussen (H) orienterte medlemmene om at prosess med fritidskortordning er i prosess. Ordninga vil medføre kostnader som ikkje vart kalkulert med i budsjetthandsaminga.



SAKSPAPIR

Saksnr	Utval	Type	Dato
19/2020	Formannskap/plan- og økonomiutvalet	PS	31.03.2020

Sakshandsamar	Arkiv	ArkivsakID
Lin Tove Thomassen	FE-033	20/377

REFERATSAKER OG MELDINGAR

Vedlegg:

Bekymring vedk. utvasking av sand/ morenemassar
Brev-frå Vaksdal Næringssselskap AS til Vaksdal kommune
Resultat frå arbeidsgruppe - innbyggjarmottak på Heradshuset

Underliggjande saker:

Saksnummer	Tittel
19/2020.1	Bekymring vedk. utvasking av sand/ morenemassar
19/2020.2	Brev-frå Vaksdal Næringssselskap AS til Vaksdal kommune
19/2020.3	Resultat frå arbeidsgruppe - innbyggjarmottak på Heradshuset

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Referatsakene vert tekne til orientering.

Fra: Bjorn R - Norway Fjord Travel <bjorn@norwayfjordtravel.com>

Sendt: fredag 21. februar 2020 11:00

Til: Oliver Gravermoen <oliver.gravermoen@vaksdal.kommune.no>

Emne: Bekymring vedr. utvasking av sand / morenemassar

God morgon Oliver.

Eg sender denne mailen fordi eg nett har lese vedlagte artikkel i Avisa Hordaland. Basert på det eg les er eg svært bekymra fordi det har seg slik at reknestykket presentert rett og slett ikkje går opp.

Avstanden mellom Stanghelle og Bolstad er 16 nautiske mil. Noko som enkelt forklart seier at båt turen vil ta ein time - dersom det er heilt straumstille. No er ruta som er presentert lagt opp til å gå også til Hesjedalsfossen, noko som betyr eit tillegg på nær ytterlegare 6 nautiske mil. Totalt 22 nautiske mil. I avisa er det presentert at turen: "Turen er rekna til å ta godt og vel ein time, det er rundt 17 nautiske mil og ein planlegg å halda ein fart på om lag 18 knop." Det er også oppgjeve at båten "må vera så pass stor at den har plass til ei busslast". Dette betyr 49 passasjerar, eller dersom ein nyttar ein to-aksla turbuss - 58 passasjerar.

Når ein legg inn faktorar som straum og sjåverdige plassar der ein nyttar redusert fart - blir reknestykket heilt umogeleg. For å kompensera dette må båten halda 25 knop eller meir over store strekk.

Samanhalde med min eigen kjennskap til straumforhalda i Veafjorden og opp Straumane gjev dette all grunn til bekymring for det unike landskapet og potensielle skadar i strandsona. Det er spesielt utvasking av sand og morenemassar som uroar meg, ikkje minst fordi stadig større vassmassar skal ut Bolstadstraumen - der det allerede frå naturens side foregår ei utvasking i samband med flaum og ekstremvær.

Dette reknestykket går ikkje opp i det heile teke, og av omsyn til miljøet bør det inførast hastighetsbegrensning for båtar over 45 fot på strekket Stamnes til like forbi Straume. Det er også verdt å merka seg at laksestammen i området kan ytterlegare svekka seg, når me snakkar denne størrese båt, og denne størrese på passasjerantal. Dette aleine burde få alarmane til å ringja sett i høve til det arbeidet som er lagt ned her inne.

No benyttar me same ruta, og har gjort det i snart to år. Fordi me har ei heilt anna kundegruppe enn det masseturismen det leggjast opp til her har, er det ingen konkurransemessige hensyn. Me har rett og slett heilt andre kundar enn det masseturismen baserer seg på. Men, dersom det blir slik at den unike naturen desse betalingsvillige kundane oppsøker "forsvinn" - så vil nok også me merka at dette har negative konsekvensar. Kva med lokale intresser / heimelshavarar?

For oss er kultur og miljø sjølve essensen i det me har som produkt. Dette må vernast om slik at me også har dette i framtida. Sjølv nyttar me båtar som har Hydrofoilar monterte under for å både unngå hekksjø og utvasking. Desse er med på å løfta skoget ut av vatnet slik at me kan nytta ein motor som er omlag 45% mindre enn det som er vanleg for båttypen vår. Dette gjer sjølv sagt slik at miljøavtrykket vert redusert til eit minimum.

Eg ber om at du ser på dette utfrå omsynet til landskapsvern, slik at ein ikkje på nytt får debatten som gjorde at Rødne la om rutene sine etter at lokale i Kallandsklubben dokumenterte utvaskinga med bilete og video.

Kind regards

Bjorn Rossland, Manager / CEO
Norway Fjord Travel & Lodging AS
Nyhavn 18, Apt 1E. N-5042 Bergen



Phone / WhatsApp / Viber Direct: +47 41002250
Or contact our Booking Manager: +47 4655 7500
US California Booking office: +1 760 906 8390



Brev – frå Vaksdal Næringssselskap AS til Vaksdal kommune

Vaksdal Næringssselskap AS (VNS) ser fram mot å virka tettare på kommuneadministrasjon og politikarar ved å flytta inn i Heradshuset. Det er mange områder for næringsutvikling som direkte eller indirekte er kommunen sitt ansvar. No vil VNS koma tettare på og dermed få ein lågare terskel mellom VNS og Vaksdal kommune. Dette vil vera fordelaktig for næringsutvikling i Vaksdal kommune.

Budsjettsituasjonen til VNS tilseier at det ikkje er økonomi til å løyva midlar til næringsutvikling i Vaksdal kommune. I byrjinga då Vaksdal kommune løyva ein million kroner til VNS årleg i 2001 fekk ein meir for pengane enn det ein får i dag. I dag dekker dette berre løn med feriepengar, arbeidsgjevaravgift, pensjon, kontorhald og styrehonorar. Spørsmålet Vaksdal kommune må stille seg er om VNS skal løyve midlar til næringsutvikling? Om så at ein skal løyve midlar, vert spørsmålet: kor mykje?

I vedtektene til VNS står det under § 3:

Selskapet sitt formål er å fremja næringsutvikling i Vaksdal kommune gjennom å utvikla eksisterande verksemdar og ressursar samt skapa ny verksemd, herunder å førestå rådgjeving og finansieringshjelp til næringsverksemd.

Selskapet sitt mål skal vere i samsvar med målsettinga nedfelt i kommunen sin strategiske næringsplan.

Selskapet skal drivast på ein ikkje kommersiell basis.

Det viktigaste Vaksdal kommune kan gjere for at VNS skal vere eit verktøy for næringsutvikling er å setje ned målsetjingar for selskapet i ein strategisk næringsplan. Den førre strategiske næringsplanen for Vaksdal kommune gjekk ut i 2012. Prosessen med ein strategisk næringsplan må snarleg i gang, og VNS bidreg gjerne til utvikling av den.

I Vaksdal kommune sin Samfunnsdel av kommuneplanen står det at: *Vaksdal næringssselskap er ein aktiv pådrivar for å gjere kommunen attraktiv som bu- og arbeidskommune.* For å kunne oppnå denne attraktiviteten er det avgjerande at dette vert konkretisera med målsetjingar og tiltak for å oppnå ein heilskapleg og berekraftig samfunnsutvikling.

Det er eit drøyt år til Nasjonal transportplan 2022-2033 vert vedteke i Stortinget. Vil ferdigstilling av K5 Arna-Stanghelle vere inne i planperioden med byggestart i perioden 2022-2025 vil det haste med å rigge seg til vekst. Dette vil vere den største investeringa i kommunen i moderne tid og gje store ringverknader på kort og lang sikt. Ei investering på 25 milliardar kroner for E16/Vossebane Arna-Stanghelle vil ha store lokale ringverknader, og mest om ein planlegg for det og posisjonerer seg rett. Dei langsiktige effektane vil ha størst betydning gjennom kortare reisetid til Bergen, hyppigare avgangar med tog og heilskapleg arealutvikling kring dei nye stasjonsområda. Effektane kjem ikkje av seg sjølv. Me er avhengig av gode områdeplanar for dei nærliggande areala til jernbanestasjonane, og store private investeringar for å utvikla lokalsamfunna.



Vaksdal Næringssselskap AS

Frå Samferdsledepartementet vart dette omtala i oppdragsbrevet for K5 Arna-Stanghelle 8. desember 2015: *Samferdselsdepartementet forventer at lokale myndigheter bygger opp under disse investeringene gjennom aktuelle virkemidler på sine ansvarsområder. Det er derfor viktig at transportetatene og lokale myndigheter i samarbeid legger til rette for at nytten av prosjektene blir best mulig.*

Det mest avgjerande bidraget VNS kan gje kommunen er å få private investorar til å utvikla lokalsamfunna. VNS er i dialog med Bane NOR Eiendom AS om ei konkret næringsinvestering på Stanghelle i form av hotell. Dette vil vera i samanheng med den saumlause overgangen frå perrong til Vestlandsfjord som er på Stanghelle, etablering av båtrute til Bolstadøyri via Hesjedalsfossen og opne opp fjorden til alle. Å nytta fossilfri kollektivtransport i kombinasjon med batteribåt vil møte målsetjinga om ein berekraftig norsk reiselivsstrategi. Dessutan vil eit hotell på Stanghelle gje lokalsamfunnet tilbod, og ein møteplass som ikkje eksisterer i dag, og som vil gjere staden meir attraktiv for busetjing. I Europa er det berre alpane som kan måla seg med vestlandsfjordane som naturbaserte reisemål, men for Vaksdal kommune inneber det òg mogleg utvikling av kulturminner som Vaksdal Mølle, sykkelveg i traséen til Vossabanen Arna-Stanghelle, Skipshelleren, Dale og laksegiljene.

Historia til kommunen omhandlar i stor grad kva næringsutvikling som vart skapt i dynamikk mellom infrastruktur på vasskraft og jernbane. Fornyng av denne infrastrukturen i kombinasjon med ny t.d. mørk fiber for internett vil gje godt grunnlag for nye arbeidsplassar. Dette vil òg gje stadane fornya identitet slik som Vaksdal Mølle har gjeve Vaksdal, og Dale Fabrikker gav Dale. Næringsutvikling er den beste motgift til å verta passive drabantbyar til Bergen.

Det viktigaste er likevel gode og føreseielege rammevilkår for vekst og innovasjon innan allereie etablerte arbeidsplassar og næringar i Vaksdal kommune.

Styret i VNS ynskjer Vaksdal kommune tar stilling til:

- Skal VNS førestå finansieringshjelp til næringsverksemd?
- Kor mykje skal VNS løyva i prosjektmidlar ut over faste driftskostnader?
- Kva former for finansieringshjelp skal VNS kunne gje t.d. lån eller kun løyvingar?
- Framdrift for ein strategisk næringsplan

Dette ser styret i Vaksdal Næringssselskap AS fram til å utvikle saman med Vaksdal kommune i ein strategisk næringsplan. Saman skapar me vilje til vekst!

Geir Hanevik (s)

styreleiar

Vidar Skeie (s)

dagleg leiar



Rådmann Atle Fasteland

11.02.2020

Utgreiing av innbyggjarmottak på Heradshuset

Framlegg til løysing etter prosess i arbeidsgruppa og verneområdet:

Kva vil me behalde

1. Innbyggjarmottak i 1. etg saman med Innbyggjarservice.
2. Regulering av tilgang i 2.-5.etg.
3. Avtalte møter med tilsette i 2.-5.etg føregår ved at ein henvender seg til innbyggjarservice, som melder frå til den tilsette om at innbyggjaren er klar for møtet
4. Andre møter med tilsette 2.-5.etg føregår ved at ein henvender seg til innbyggjarservice, som sjekker: 1. Kan ein hjelpe med informasjon 2. Om fagperson er ledig.

Tillegg

5. Dør i 1. etg. skal vere open innanfor normalarbeidstida, slik at innbyggjarane fritt kan oppsøkje legekontor, rus- og psykiatritenesta, NAV og helsestasjon.
6. Vi etablerer låseinnretning i 2.-5.etg, som kan opnast med adgangskort.
7. Tilsette i Vaksdal kommune som har naturleg tilhøyr på Heradshuset gjennom arbeidsveka får adgangskort.



Arbeidsgruppe

Jill Bru Johansen, Oppvekst
Kenneth Stokke, Stab
Kjersti Flåm Krogsrud, Stab
Marianne Hagen, Stab
Mona Mekki, Stab
Randi Pedersen, Stab
Tove Bruvik Erdal, Stab
Oddbjørg Vestrheim, Samfunnsutvikling

I tillegg har verneområda til Ole Anders Brekklus (Tverrfagleg teneste barn og unge, Nav og VIS) , Marit Fardal (Rus-og Psykiatritenesta, Legekontor og Forvaltningskontor) og Magne Eikeland (Stab/andre tilsette på Heradshuset) delteke i prosessen.

Prosessmetode- SWOT/ IGP

SWOT-analyse vert nytta for å kartleggje og analysere styrker og svaketer i tiltak, prosessar eller prosjekt. SWOT-analyse kan hjelpe å identifisere dei viktigaste interne og eksterne faktorane som er avgjerande for å nå organisasjonen sine mål. IGP- metoden skal sikre alle medlemmane i arbeidsgruppa involvering, føre til breidde i kartlegginga og sikre kollektive analyseprosessar.

Styrker (kva er positivt ved gjeldane rutine)		Muligheter (Kva positive konsekvensar kan ein oppnå ved å utnytte styrker)	
Frå innbyggjarsperspektiv	Frå arbeidstakarsperspektiv	Frå innbyggjarsperspektiv	Frå arbeidstakarsperspektiv
Svakeheter (Kva er mindre bra, negativt eller mangelfullt i høve gjeldane rutine)		Trusler (Kva negative konsekvenser kan kome om svakhetene vedvarar)	
Frå innbyggjarsperspektiv	Frå arbeidstakarsperspektiv	Frå innbyggjarsperspektiv	Frå arbeidstakarsperspektiv

Målformulering i mandatet.

Framlegg til framtidige løysingar for korleis kommunen best mogleg kan organisere oppgåver knytt til innbyggjarservice. Rådmann peiker og på muligheter for å flytte innbyggjarservice.



Før-prosess

Konkretisere:

-*best mogleg* – Her må ein ta omsyn både til tilsette på Heradshuset (evt.i andre bygg) og innbyggjarane.

Avgrense :

-*Oppgåver* knytt til innbyggjarservice- Er målet knytt til fysiske mottak, eller skal ein sjå på eit større spekter av Innbyggjarservice sine oppgåver.

Slik arbeidsgruppa har oppfatta rådmann er ei sentral oppgåve me skal finne best mogeleg løysingar på knytt til fysisk mottak.

Gjeldande rutine ved fysiske mottak

Fysisk mottak:

- Besøkende til legekontor, helsestasjon, tannlege og NAV viser vi vidare på en hyggelig måte. (Husk å sjekke åpningstidene – de står på infotavlen)
- Andre besøkende vil vi ha kontakt med for å hjelpe dem med å løse det de er kommet hit for å få svar på.
- Uansett om de har avtale med en person eller ei, ringer vi til den de ønsker å treffe.
- Gjester hentes her nede eller vises vei vidare.



SAKSPAPIR

Saksnr	Utval	Type	Dato
04/2020	Bygdeutviklingsutvalet	PS	03.03.2020
13/2020	Formannskap/plan- og økonomiutvalet	PS	19.03.2020
20/2020	Formannskap/plan- og økonomiutvalet	PS	31.03.2020

Sakshandsamar	Arkiv	ArkivsakID
Helge Berset	FE-611, FA-L83	20/247

DALEGARDEN – SAL AV NÆRINGSTOMT

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Næringstomt i nord i Dalegarden, del av gnr. 22 bnr. 14, vert lagt ut for sal.

Bygdeutviklingsutvalet - Sak 04/2020

BYG - Behandling:

Kommunalsjef for samfunnsutvikling Helge Berset orienterte om saka.

Utval for bygdeutvikling drøfta saka.

Rådmannen sitt framlegg til vedtak, vart samrøystes vedteke.

BYG - Tilråding/Vedtak:

Næringstomt i nord i Dalegarden, del av gnr. 22 bnr. 14, vert lagt ut for sal.

Formannskap/plan- og økonomiutvalet - Sak 13/2020

FPØ - Behandling:

Formannskapsmøtet vart avlyst på grunn av situasjonen knytt til korona viruset og saka vart ikkje handsama 19.03.20.

FPØ - Tilråding/Vedtak:

Saksopplysningar:

Dalegarden har etter kvart blitt eit meir attraktivt område. Kommunen har blitt kontakta av fleire interessentar som ynskjer å kjøpe den nyleg regulerede næringstomta bak Shell / Camillas kro, del av gnr. 22 bnr. 14. Verksemdene ynskjer å etablere steinknuseverk på tomta, strategisk knytt til komande forventa aktivitet for ny veg/bane K5. Kjøparar må sjølvstilt ved søknad vise at dei vil overhalde støykrav m.m.

Rådmannen tilrår at tomta vert lagt ut for ope sal gjennom eigedomsmeklar.

Det siste året har kommunen også vorte kontakta av mindre bedrifter som ynskjer å etablere seg på Dalegarden, handverkarbedrifter i hovudsak. Dette gjeld særleg området sør for E16.

I samband med ny veg/bane K5, bør kommunen leggje til rette for areal for reetablering av verksemdar som må flytte som følgje av dette tiltaket.

Sak om dette sørlege området vert lagt fram til eit seinare møte, med tilhøyrande synfaring.





Flyfoto Dalegarden



SAKSPAPIR

Saksnr	Utval	Type	Dato
05/2020	Bygdeutviklingsutvalet	PS	03.03.2020
14/2020	Formannskap/plan- og økonomiutvalet	PS	19.03.2020
21/2020	Formannskap/plan- og økonomiutvalet	PS	31.03.2020

Sakshandsamar	Arkiv	ArkivsakID
Helge Berset	FE-611	20/248

KJØP AV FESTA NAUSTTOMTER SILDASTADSKJERET, VAKSDAL

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Alle som i dag er festarar av festa kommunale nausttomter på Sildastadskjeret, får tilbod om å kjøpe tomte til kr 70.000 ekskl. alle kostnader. Det vert sett ein svarfrist på 1 månad frå kunngjering. Etter dette vert tomtene lagt ut for ope sal ved kunngjering i lokalpressa og på kommunen si heimeside.

Bygdeutviklingsutvalet - Sak 05/2020

BYG - Behandling:

Kommunalsjef for samfunnsutvikling Helge Berset orienterte om saka.

Utval for bygdeutvikling drøfta saka.

Ståle Hesjedal (AP) låg fram forslag om å endre svarfrist, samt få fram at det berre er tomtene som ikkje er festa som vert lagt ut for sal i rådmannen sitt framlegg til vedtak. Dei som i dag festar og som ikkje ønskjer å kjøpe tomte, må få høve til å feste tomte vidare.

Rådmannen sitt framlegg til vedtak vart forelått endra slik:

Alle som i dag er festarar av festa kommunale nausttomter på Sildastadskjeret, får tilbod om å kjøpe tomte til kr 70.000 ekskl. alle kostnader. Det vert sett ein svarfrist på 3 månad frå kunngjering.

Etter dette vert tomtene, som ikkje er festa, lagt ut for ope sal ved kunngjering i lokalpressa og på kommunen si heimeside.

Røysting:

Rådmannen sitt framlegg til vedtak vart sett opp mot Ståle Hesjedal sitt framlegg til vedtak.

Ståle Hesjedal sitt framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

BYG - Tilråding/Vedtak:

Alle som i dag er festarar av festa kommunale nausttomter på Sildastadskjeret, får tilbod om å kjøpe tomte til kr 70.000 ekskl. alle kostnader. Det vert sett ein svarfrist på 3 månad frå kunngjering.

Etter dette vert tomtene, som ikkje er festa, lagt ut for ope sal ved kunngjering i lokalpressa og på kommunen si heimeside.

Formannskap/plan- og økonomiutvalet - Sak 14/2020

FPØ - Behandling:

Formannskapsmøtet vart avlyst på grunn av situasjonen knytt til korona viruset og saka vart ikkje handsama 19.03.20.

FPØ - Tilråding/Vedtak:

Saksopplysningar:

Kort om saka

Det er i dag fleire som fester kommunale nausttomter på Sildastadskjeret i Vaksdal. Den siste tida har fleire av desse festarane meldt ynskje om å få kjøpe den festa tomt hjå kommunen.

Tomtene har dei siste åra vore i eit område aktuelt for steindeponi knytt til K5 veg/jernbane. Leiinga i prosjektet har no stadfesta at Sildastadskjeret ikkje er eit aktuelt område for dette, og nausttomtene kan såleis igjen verte lagde ut for sal.

Det har også tidlegare vore tilsvarande rundar med sal av tomter i området, seinast i 2015, då prisen vert sett til låge 50.000 kr pr tomt. Indeks- og marknadsjustering tilseier at denne prisen vert juster noko opp i 2020.


Sidan det tidlegare har vore sal av festetomter i same området, tilrår rådmannen at same praksis held fram. Det er naturleg at dei som i dag festar tomtene vert spurte fyrst, før ein legg desse ut for sal.

Inntekter pr år for kommunen for kvar festetomt er i dag 400 kr eks mva pr år.

Kommunen har budsjettert med inntekter frå sal av eigedom.

Til vurdering:

- Skal kommunen selje eller behalde tomtene i kommunal eige ?
- Skal sal av eventuelle resterande tomter skje på den opne marknaden ?
- Kva er rett pris for tomtene ? Bør det innhentast takst ?





SAKSPAPIR

Saksnr	Utval	Type	Dato
15/2020	Formannskap/plan- og økonomiutvalet	PS	19.03.2020
22/2020	Formannskap/plan- og økonomiutvalet	PS	31.03.2020

Sakshandsamar	Arkiv	ArkivsakID
Tore Henrik Øye	FE-242, FA-V00	19/1322

MIDLAR TIL INNKJØP AV SLEPESLÅMASKIN - VAKSDAL LANDBRUKSFOND 2019

Søkjjarar: Lars Bjarte Nesheim, gbnr. 65/4 og Magnar Nese, gbnr . 66/2

Vedlegg:

2019-11-28 - søknad vaksdal landbruksfond - magnar nese og lars bjarte nesheim - pdf

2019 - faktura - slåmaskin - kniver 1180

2019 - faktura - slåmaskin 187760

REVIDERTE VEDTEKTER VAKSDAL LANDBRUKSFOND 2017

Styret i Vaksdal landbruksfond sitt framlegg til vedtak:

I medhald av Vaksdal landbruksfond sine vedtekter § 5, jf. § 1, løyver Formannskapet/plan- og økonomiutvalet (fondsstyret) kr. 35 000,- i fondsmidlar til føretaka Lars Bjarte Nesheim, gbnr. 65/4 og Magnar Nese, gbnr. 66/2 i Eksingedalen, for innkjøp av felles slepeslåmaskin.

Tilskotet gjeld for 2019, og vert betalt ut etter at føretaka har sendt inn dokumentasjon på at slepeslåmaskinen er i felles eige (samarbeidsavtale).

Formannskap/plan- og økonomiutvalet - Sak 15/2020

FPØ - Behandling:

Formannskapsmøtet vart avlyst på grunn av situasjonen knytt til korona viruset og saka vart ikkje handsama 19.03.20.

FPØ - Tilråding/Vedtak:

Saksframstilling/bakgrunn for saka:

Vaksdal landbruksfond vart oppretta i samband med Eksingedalsreguleringa/ Leirovassdraget, Myster kraftverk, med innbetaling av fondsmidlar frå BKK (jf. Kongeleg resolusjon av 25.02.1983). Fondet skal nyttast til landbruksføremål i Vaksdal kommune.

Vaksdal kommune lyste ut fondsmidlar for 2019 i Avisa Hordaland, i VP og på kommunen sine nettside, med søknadsfrist 1. desember.

I søknad av 28.11.19 søker føretaka Lars Bjarte Nesheim, gbnr. 65/4, og Magnar Nese, gbnr. 66/2 i Eksingedalen, som einaste søkjarar, om tilskot til innkjøp av felles slepeslåmaskin for bruk i jordbruksdrifta.

I følgje vedlagt faktura kosta maskina, med utstyr, kr. 188 940,- eks. mva. Det vert søkt om kr. 94 470,- i tilskot, som svarer til 50 % finansiering. Maskina vart kjøpt inn i 2019, og er teken i bruk.

Formelt grunnlag:

Forvaltninga av midlane frå landbruksfondet vert styrt av:

- Vedtekter for Vaksdal landbruksfond, sist revidert 13.11.17.
- Reglar for kommunale tilskotsordningar for landbruket, jamfør KOM-sak 25/05.

Styret for landbruksfondet, oppnemnd av kommunestyret, handsamar innkomne søknadar, og innstiller til vedtak for avgjerd i Formannskapet/plan- og økonomiutvalet (FPØ), jf. kommunen sitt delegasjonsreglement.

Vurdering og konsekvensar:

Styret for Vaksdal landbruksfond handsama den innkomne søknaden i møtet av 7. januar 2020, med følgjande til stade:

- Hallvar Helle - fast representant – politisk valt (stemmerett).
- Gaute Øvstedal - fast representant – valt av landbruksnæringa (stemmerett).
- Tore Henrik Øye - fast representant – rep. for kommunal landbruksforvaltning (stemmerett).
- Arne Normann – vararepresentant – politisk valt (ikkje stemmerett).
- Lars Bjarte Nesheim - vararep. for landbruksnæringa (ikkje stemmerett) – deltok ikkje ved sakshandsaming.

I følgje vedtektene for landbruksfondet § 2 («Føremål»), skal avkastinga nyttast til å fremje landbruket i kommunen. Av § 5 punkt 2, går det fram at felles investeringar i maskinar og utstyr kan finansierast med inntil 35 % av total kostnad. Det kan ikkje gjevast tilskot til individuelle tiltak/investeringar.

Kravet i fondsvedtektene § 5, er at det må vere eller bli drift hos føretaka som søker om

tilskot, med ei omsetjing på minst kr. 30 000,- kvart år. I gjeldande tilfelle ligg søkjarane langt over dette kravet, gjennom deira mjølke- og kjøttproduksjon. I dette høvet ser vi at føretaka har trong for gode reiskap, for å medverke til ei effektiv drift av grasareala. Søknaden vert soleis vurdert å liggje innanfor fondsføremålet.

I fondsvedtekene § 6 («Forvaltning»), står det at grunnkapitalen til fondet skal vere kr. 1 800 000,-. Saldo ut over dette er frie fondsmidlar. Saldoen per 31.12.19 var kr. 1 835 933,-, som gjev kr. 35 933,- i tilgjengelege midlar. Det kjem ikkje inn årlege tilskot til fondet.

Tildeling av midlar til søkjarane vil føre til at saldoen til fondet kjem heilt ned mot grunnkapitalen. Dette gjer at det ikkje vil vere tilgjengelege fondsmidlar før den frie kapitalen er bygd opp att. Fondsstyret drøfta denne situasjonen, mellom anna ut frå låg bankrente og at fondet ikkje får tilført årleg kapital.

Fondsstyret meinte at det ikkje er særleg skilnad mellom løyving av tilskot, eller ikkje, og det var semje om å tildele det meste av dei tilgjengelege midlane til søkjarane; kr. 35 000,-. Dette utgjør 18,5 % i tilskot av totale utgifter.

Konklusjon:

Fondstyret finn at vedtektene gjev grunnlag for tildeling av tilskot til søkjarane, og går inn for løyving innanfor råma av tilgjengelege fondsmidlar.

28/11 2019

Søknad om tilskot frå Vaksdal Landbruksfond

Søker med dette om 50% tilskott frå Vaksdal Landbruskfond. Kr 94.470,-

Prosjektet handlar om innkjøp av ny slepeslåmaskin – samkjøp mellom Magnar Nese, org 969 627 132 og Lars Bjarte Nesheim, org 988 233 765

Budsjett var kr 200.000,- + mva

Rekning kom på totalt kr 188.940,- + mva

Maskina vart levert og tatt i bruk inneverande år.

Vedlagt er 2 stk faktura

Mvh
Lars Bjarte Nesheim
Magnar Nese



VELDE MASKIN

Lars Bjarte Nesheim
Eksingedalsvegen 2601
Nesheim Eksingedalen

5728 EIDSLANDET

E-post: lbnesheim@yahoo.no

Velde Maskin AS
Øygardsv. 8

5576 ØVRE VATS
Norge

harald@veldemaskin.no

Fakturanr

4599

Fakturadato: 11.06.2019
Forfallsdato: 26.06.2019
Kundenr.: 112000
Ordrenr.: 113895
Deres ref.
Vår ref.
Prosjekt:

Deres ordrenr.:

Telefon: 52765911
Foretaksregisteret
Org. nr. NO 997 109 147 MVA
Bankkonto: 3240 07 44377
Side: 1

Prod.nr	Beskrivelse	Ant.	Enhet	Pris enh.	Rab.%	Sum
	Knivar slåmaskin Ei eske av kvar Send til kunde					
0009520420	BLADE, CRANKED	25	Stk	20,00		500,00
0009520430	BLADE, CRANKED	25	Stk	20,00		500,00
902-fr	frakt/porto	1	Stk	180,00		180,00
	25 % mva av 1 180,00					295,00
	Ordresum					1 475,00

Forfallsdato: 26.06.2019	Sum å betale: 1 475,00
Bankkonto: 3240 07 44377	Fakturanr: 4599
IBAN/BIC: \	Fakt. Valuta: NOK
Kid-kode: 00045997	



VELDE MASKIN

Lars Bjarte Nesheim
Eksingedalsvegen 2601
Nesheim Eksingedalen

5728 EIDSLANDET

E-post: lbnesheim@yahoo.no

Velde Maskin AS
Øygardsv. 8

5576 ØVRE VATS
Norge

harald@veldemaskin.no

Fakturanr

4632


Fakturadato: 14.06.2019
Forfallsdato: 29.06.2019
Kundenr.: 112000
Ordrenr.: 113828
Deres ref.
Vår ref.
Prosjekt:

Deres ordrenr.:

Telefon: 52765911
Foretaksregisteret
Org. nr. NO 997 109 147 MVA
Bankkonto: 3240 07 44377
Side: 1

Prod.nr	Beskrivelse	Ant.	Enhet	Pris enh.	Rab.%	Sum
	CLAAS Skiveslåmaskin CLAAS DISCO 3050 TC plus Serienummer F9301067					
902RED	CLAAS DISCO 3050 TC plus	1	Stk	180 000,00		180 000,00
902RED	HMV Sveiserame	1	Stk	4 500,00		4 500,00
902RED	Fraktekasse HVM	1	Stk	250,00		250,00
0013210690	WEAR SKID	5		602,00		3 010,00
	25 % mva av 187 760,00					46 940,00
	Ordresum					234 700,00

Forfallsdato: 29.06.2019	Sum å betale: 234 700,00
Bankkonto: 3240 07 44377	Fakturanr: 4632
IBAN/BIC: \	Fakt. Valuta: NOK
Kid-kode: 00046326	



VEDTEKTER FOR VAKSDAL LANDBRUKSFOND - REVIDERT 13.11.2017

Kommunestyret i Vaksdal kommune fatta vedtak om revisjon av vedtektene for Vaksdal landbruksfond i kommunestyremøte av 13.11.2017 - Sak 78/2017, etter framlegg frå rådmannen.

Dei nye vedtektene erstattar vedtektene av 03.05.2007, og er som følgjer:

§ 1 Heimel og kapital

Heimelen for landbruksfondet er Kongeleg resolusjon av 25.02.1983, og gjeld Eksingedalsvassdraget/Leirovassdraget, Myster kraftverk.

Grunnkapitalen var kr. 1 000 000,- ved oppretting av fondet i 1985, og vart endra til kr. 1 906 283,- av kommunestyret i 2007, jf. sak i kommunalt vedtak 008/07. Frå og med 01.01.2012 skal grunnkapitalen aukast att årleg tilsvarande konsumprisindeksen. Frå og med 01.01.2018 skal grunnkapitalen setjast ned til kr. 1 800 000, -, og vere gjeldande inntil vidare.

Kapital ut over grunnkapitalen; frie fondsmidlar, kan delast ut tilskot.

§ 2 – Føremål

Fondet skal nyttast til fremjing av landbruket i kommunen. Alle næringsdrivande lag og organisasjonar i landbruket, kan få hjelp av fondet til investeringar.

§ 3 Budsjett og rekneskap

Budsjett og rekneskap for fondet, for inntekter av fondsmidlane og for bruk av fondet, vert lagt til det budsjettet og den rekneskap som kommunen fører, og skal vera i samsvar med føresegnene for dette.

Kvart år skal det leggjast fram for kommunestyret ei melding om fondet si verksemd.

§ 4 Fondsstyre

Kommunestyret oppnemner eit fondsstyre på 3 personar med 3 personlege vararepresentantar for 4 år om gongen. Det bør utnemnast;

- ein politisk representant.
- ein representant frå landbruksnæringa.
- ein representant frå den kommunale landbruksforvaltninga.

Fondsstyret skal handsama søknader som kjem inn under desse vedtektene, og skal koma med tilråding til kommunestyret som gjer vedtak.

§ 5 Bruk

1 Lån og grunnkapital

Av grunnkapitalen kan det i særlege høve ytast lån eller garanti for lån til felles utviklingstiltak innan landbruket.

2 Tilskot

Av fondet si avkastning kan det ytast tilskot til fellestiltak og einskildpersonar for;

- styrking av kommunale tilskot retta direkte mot landbruksnæringa.
- driftsbygningar i landbruket
- tilleggsnæringar knytt til landbruk, til foredling av varer med basis i landbruket og til andre investeringar som vil betre grunnlaget for landbruksdrift i kommunen.

Tilskot har avgrensingar og gjeld eigar/søkjar sin netto dokumenterte kostnad:

	<u>Individuelle tiltak</u>	<u>Fellestiltak</u>
Driftsbygning	10 %	15 %
Maskiner og reiskap	0 %	35 % (maskinringar)
Tilleggsnæringar	10 %	20 %

Presiseringar:

Vilkår for å få tilskot er at det er/vert drift på bruket. Omsetninga frå produksjon eller foredling av landbruksvarer må vera/verta minst kr. 30 000,- pr. år.

Døme:

Ein bonde som oppfyller minstekravet til landbruksrelatert omsetning kan få tilskot til kva som helst tilleggsnæring, dersom det styrkjer grunnlaget for landbruksdrift på bruket eller i kommunen (gjev inntekt).

Ein person som eig og bur på ein gard som ikkje har landbruksrelatert omsetning, kan berre få tilskot til investeringar som gjeld produksjon eller foredling av landbruksvarer.

Til driftsbygningar kan det berre gjevast tilskot til nyinvesteringar, ikkje til vedlikehald. Som driftsbygning reknar ein husdyrrom, mjølkerom, fôrrom/fôrlager og gjødsellager.

Døme på tiltak som ikkje kan få tilskot,

- reiskapshus, garasjar, naust og andre lagerbygningar (unntak for maskinringar).
- nybygg av hytter til utleige eller opprusting av eldre bustadhus med formål utleige.
- bygging av minikraftverk
- sagbruk

3 Forskotering

Frie fondsmidlar kan nyttast til forskotering av kapitalkrevjande tiltak som vert finansiert av offentlege tilskot.

§ 6 Forvaltning

Fondet sine midlar vert plassert på renteberande konto i bank, i pant- og ihendehavarobligasjonar

eller på annan trygg måte.

Fondsstyret ser til at kapitalen gjev ei forsvarleg renteavkasting samstundes som naudsynt kapital må kunne nyttast på kort varsel.

Grunnkapitalen skal vera 1906 283,- frå 01.01.2007 til 31.12.20011. Frå 01.01.2012 skal grunnkapitalen i fondet kvart år tilleggast den del av den årleg avkastinga som svarer til auken i konsumprisindeksen, slik denne er rekna ut at Statistisk sentralbyrå. Frå og med 01.01.2018 skal grunnkapitalen setjast ned til kr. 1 800 000, -, og vere gjeldande inntil vidare.

Renter og avdrag skal førast attende til fondet.

Kommunekasseraren har arbeidet med rekneskapsføringa og gjev årleg oppgåve over storleiken av fondet og avkastinga.

§ 7 Handsaming av søknadar til fondet

Søknadsfrist er 1. desember.

Fondsstyret med landbrukskontoret som sekretariat har det daglege arbeidet som vedkjem søknadar m.m.

Fondsstyret gjev innstilling og kommunestyret gjer endeleg vedtak.

Innkomne søknadar skal handsamast innan utgangen av januar kvart år.

§ 8 Vedtektsendringar

Vedtektene kan endrast etter vedtak i kommunestyret.

Vedtektene vert å senda til Fylkesmannen til orientering

Dei reviderte vedtektene skal gjelda frå 01.01.2018.

*Vedteke i Vaksdal kommunestyre 03.05.2007,
med seinare endringar i møte av 13.11.17.*